

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Jarle Skartun/Svein Sanden

Arkiv:

Arkivsaksnr.: 20/1907

---

## **Økonomireglement for Luster kommune**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret vedtek økonomireglementet for Luster kommune, datert 01.06.20, slik det ligg føre.

## **Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg:** Økonomireglement for Luster kommune 01.06.2020

**Uprenta vedlegg:**

## **Samandrag:**

I saka er det framlegg til revidert økonomireglement.

Reglementet byggjer på ein ny lest grunna ny kommunelov, ny mal frå NKK og fleire innspel om endringar, mellom anna forvaltningsrevisjonar innan økonomi- og innkjøpsområdet.

Samtidig som reglementet peikar på formelle krav/reglar så skildrar det og både det administrative og politiske arbeidet med økonomiprosessane.

**Utval som har vedtaksmynde:** Kommunestyret.

## **Fakta:**

Revisjon av økonomireglementet har vore på kartet ein lengre periode. Mellom anna på bakgrunn av innføring av ny kommunelov frå 01.01.20, har det vore hensiktsmessig å vente noko med fullføring av arbeidet.

Det ligg no føre eit framlegg med rette referansar til kommunelova og aktuelle forskrifter. Kommunen har og fått oversendt eit utkast/ nærast ein veileidar frå NKK (Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund) som er nytta som utgangspunkt for revisjonsarbeidet. Via forvaltningsrevisjonar innan økonomi- og innkjøpsområdet har me og fått innspel til forbetningsarbeid i økonomiforvaltninga.

I lys av dette er revisjonsarbeidet omfattande og sjølv om mykje av innhaldet er det same så er oppbygginga og disposisjonen vesentleg endra, i høve tidlegare, og i samsvar med NKK sine tilrådingar. Nye krav i kommunelova er innarbeidd og rådmannen har i framlegget søkt å skissere noko tilpassingar/ endringar i økonomiarbeidet både for politisk og administrativt nivå.

Utover eit krav om at kommunen skal ha eit økonomireglement er det ikkje formelle krav til innhald, så det er mykje opp til kommunen sjølv kor mykje ein vil leggje inn i dette reglementet, jf grensesnitt mot meir detaljerte rutinar og retningslinjer på økonomiområdet.

I høve til noverande reglement er det nokre nye/justerte element:

- fastsetjing av økonomiske måltal(krav) og prosess for dette.
- delvis ny prosess for økonomiarbeidet og utarbeidinga av økonomiplan og årsbudsjettet. Innføring av dialogmøte og breiare politisk deltaking/forankring av økonomiarbeidet.
- tydeleggjing av at det planmessige økonomiarbeidet har både ein 4-års plan – økonomiplan og ein årsplan – årsbudsjettet.
- meir detaljert regelverk for gjennomføring av investeringstiltak/prosjekt.
- noko justerte beløpsgrenser på ulike område.
- meir klargjing av rutinar og fullmakter for den tekniske delen av økonomi- og rekneskapsarbeidet.
- meir utførleg reglement for innkjøpsområde.

## Vurdering:

Framlagt reglement utfyller økonomireglar i kommunelova med forskrifter, og er tilpassa lokal organisering og behova i Luster.

Målsetjinga er å få på plass interne reglar som bidreg til god økonomistyring og måloppnåing, forsvarleg og effektiv økonomistyring, god kontroll, etterleving av reglar og eit godt grunnlag for administrative og politiske vedtak.

Rådmannen meiner det framlagde er eit godt grunnlag for å oppnå dette. Reglementet skisserar og den budsjettmodellen og det samvirke mellom politisk nivå og rådmannen/administrasjonen som me med dette reglementet søker å utvikla vidare. Dette basert på drøftingar i formannskapet tilbake i 2019.

Strukturen i reglementet er slik at dei ulike aktivitetane har fått sitt eige «minireglement» og det bør såleis liggje godt til rette for å finne fram i og nytta seg av reglementet. Reglementet har i seg både forklaring/bakrunn, regelverk, nærare omtale av arbeidsoperasjonar og mynde.

I reglementet er det lagt opp til om lag tilsvarande nivå på delegering mellom kommunestyret og rådmannen som i noverande reglement. Dette spørsmålet vil ein også komme nærare tilbake til i revisjon av delegeringsreglementet over sommarferien i ei eiga sak. Dette gjeld både overordna reglement med delegering mellom politiske organ, delegering til rådmann og som tillegg, vidare delegering frå rådmannen.

I og med at det vert lagt opp til ei større endring i utforming av reglementet denne gongen så tek rådmann atterhald om at det kan vere element her som har forsvunne, element som skulle vore med, ev at her er element som er blitt feil. Erfaring og ytterlegare kvalitetssikring får avklare om det vert behov for mindre tilpassingar, men rådmann meiner det no er viktig å få reglementet sett ut i livet all den tid det har vore «etterlyst» lenge. Me har i lengre tid utsett saka: Me har vist til nytt reglement som skulle kome i fleire saker og synt til den nye kommunelova.

Rådmannen tilrår reglementet slik det no ligg føre.

Dato:03.06.2020

Jarle Skartun  
Rådmann

Svein Sanden  
Økonomisjef.

---

Særutskrift skal sendast:

m/kopi til:

